



› MOT-prosjektet

MOT-coachane besøker ungdommane til saman 15 gongar i løpet av dei tre åra dei går på ungdomsskulen (Godøya og Valderøya). Prinsippa i arbeidet er å jobbe i forkant, sjå heile mennesket, forsterke det positive, og å bruke vaksne og ansvarlege kulturbyggerar til å inkludere andre. Dei to MOT-coachane fungerer svært godt saman. Vi har også to svært aktive Unge MOT-leiarar som på eige initiativ hadde eigen MOT-stand under NM i innandørs bueskyting i Vigrhallen i mars. Dei gjennomførte også Mot til å glede-dagen på ungdomsskulane i november. Det siste i samarbeid med Unge MOTivatorar (tidlegare Ungdommar med MOT) som er 10. klassingar på skulane.

Vi skulerer årleg nye Unge MOTivatorar. Dette er 9.-klassingar frå begge ungdomsskulane som er til støtte for elevane utanom besøka.



Show courage!